



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep
0030

FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		6006/2015/	Anita Steinbru	29.01.2015

Høyring - overføring av skatteoppkrevjinga til Skatteetaten. Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune


Vi viser til høyringsbrev av 01.12.2014 om overføring av skatteoppkrevjinga til Skatteetaten. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune handsama U-6/15 *Overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen til Skatteetaten* i møte 26.januar 2015, og gjorde slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal går imot at skatteoppkrevjarfunksjonen skal overførast frå kommunane til den statlege skatteetaten.
2. Dersom det likevel blir ei overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen, krev fylkesutvalet at Skattedirektoratet vurderer dei regionale fordelingane på nytt når det gjeld lokalisering av skatterekneskapsfunksjonen og legg hovudavdelinga for denne til Kristiansund.
3. Det blir sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå Kristiansund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune til å følgje opp arbeidet.

Vi viser til vedlagde saksframlegg som grunnlegg vedtaket.

Med helsing


Jon Aasen
fylkesordførar


Bergljot Landstad
Regional- og nærings sjef

Vedlegg: Saksframlegget i U-6/15: *Overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen til Skatteetaten.*



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
16.01.2015	3371/2015	Anita Steinbru

Saksnr

Utval
Fylkesutvalet

Møtedato
26.01.2015

Overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen til Skatteetaten - høyringsuttale

Regjeringa tek sikte på å overføre skatteoppkrevjarfunksjonen frå kommunane til den statlege skatteetaten frå 1.1.2016. Regjeringen har iverksett ein rekke endringar i etatane som handterer skatt, avgift, toll og innkreving, og i oppgåvefordelinga mellom desse, jf. Prop. 1 S (2014-2015). Målet med tiltaka er styrka innsats mot svart økonomi, betre rettstryggleik, redusert ressursbruk, forenkling for innbyggjarane og betre grensekontroll. Skattedirektoratet fekk i juni 2014 i oppdrag frå Finansdepartementet å greie ut korleis skatteoppkrevjarfunksjonen kan bli overført frå kommunane til Skatteetaten. Skattedirektoratet har vurdert ressursbehov, organisering og lokalisering i forslaget til ny organisering av skatterekneskap, arbeidsgivarkontroll, innkrevjing, rettleiing og kontroll. Utgreiinga er no ute på høyring med høyringsfrist 2.mars 2015. Skattedirektoratet vil etter høyring ta stilling til dei konkrete forslaga til organisering i høve til regional fordeling og omfanget av satsinga på arbeidsgivarkontroll i kampen mot svart økonomi.

Til no har skatteinnkrevjing vore ei kommunal oppgåve, og den organisatoriske plasseringa av skatteoppkrevjarfunksjonen varierer i kommunane. Mange kommunar samarbeider om oppgåvene, slik at det i dag er 288 kontor som krev inn skatt og omlag 200 kontor som kontrollerer arbeidsgivarane. Skatteinnkrevjing kan vere organisert i eiga eining eller som oppgåve i den kommunale økonomiavdelinga. 60 % av kontora nyttar to eller færre årsverk til oppgåvene, noko som tilseier at mange av fagmiljøa er små og sårbare i dagens organisering.

For å følgje opp utgreiingsoppdraget frå Finansdepartementet vart det sett ned ei arbeidsgruppe med 14 representantar frå Skattedirektoratet, Skatt Vest, Skatt Midt, Skatt Øst og to representantar frå skatteoppkrevjarane, representert ved Norges kemner- og kommuneøkonomers forbund (NKK). Dei to frå NKK trakk seg frå arbeidsgruppa då dei ikkje kunne stille seg bak framlegget. Dei viser til erfaringar frå Danmark der overføring av skatteoppkrevjar-oppgåver til Skatteetaten har gitt ei dårlegare skatteinnkrevjing. Dei andre medlemene i arbeidsgruppa fann ikkje grunnlag for å samanlikne situasjonen i dei to landa, mellom anna fordi endringa i Danmark var del av ei større reform. Der innførte ein samtidig kortare foreldingstid, og målet var ei sterk nedbemanning. Målet her i landet skal vere effektivisering, likebehandling, styrking av kompetansmiljø og ei regional fordeling av oppgåver.

Arbeidsgruppa meiner at ei samling av oppgåver vil gi stordriftsfordelar, og at dette må balanserast med ønsket om ei god regional arbeidsplassfordeling. Ei regional

fordeling av oppgåvene gjer det mogeleg for mange tilsette å flytte med oppgåvene, difor vil ein bygge gode fagmiljø også utanfor dei største byane. I tillegg ønsker ein å skape større fagmiljø som reduserer sårbarheit, bidrar til kunnskapsdeling og kompetanseutvikling, likebehandling og spesialiserte, attraktive arbeidsplassar.

Forslag til endringar i skatteinnkrevjingsfunksjonen

Det er føreslått å redusere bemanninga til skatteoppkrevjingsfunksjonen totalt frå 1483 til 985 årsverk på oppgåvene rekneskap, kontroll, innkrevjing og rettleiing. Det er føreslått å skilje skatteinnkrevjinga for einskildpersonar og næringsdrivande, og redusere bemanninga på desse oppgåvene frå 639 til 453 årsverk. Innkrevjing av skatt og avgift overfor næringsdrivande er føreslått samla i regionale einingar. Næringsdrivande som skyldar både skatt, arbeidsgivaravgift og meirverdiavgift får då ein kreditor å halde seg til. Tanken er at innkrevjingsarbeidet vil bli meir effektivt i eit spesialisert innkrevjingsmiljø. Innkrevjing av personskatt blir føreslått organisert i fylkesvise einingar for å gi god tilgjenge regionalt.

Tabellen på s. 3 i samandraget av utgreiinga i vedlegget viser 1) ei samla oversikt over forslaget til bemanning og lokalisering av dei enkelte oppgåvene etter overføring til Skatteetaten, og s.4; 2) korleis reduksjonen i ressursar til skatteoppkrevjarfunksjonen er delt mellom ulike fylke og regionar og endringar i denne fordelinga. Tabellane viser at ein samla sett reduserer skatteoppkrevjarfunksjonen med 498 årsverk på landsbasis, og viser korleis ein tenker seg oppgåvene delt på regionar og funksjonar.

I framlegget (s.38) foreslår Skattedirektoratet **322 årsverk til næringsinnkrevjing**, delt på 165 årsverk til meirverdiinnkrevjing og **157 årsverk til skatteinnkrevjing**. Næringsinnkrevjinga blir føreslått lagt til regionhovudstadene i kvar region, samordna med innkrevjing av meirverdavgift som alt er regionalisert. Desse stillingane blir delt på dei fem skatteetat-regionane. Det blir foreslått i alt **296 årsverk til fylkesvis personinnkrevjing**. Her får Skatt Midt 51 stillingar til arbeidsgivarkontroll, 63 til innkrevjing og 10 til rettleiing. Av desse stillingane er 20 stillingar til arbeidsgivarkontroll, 8 til innkrevjing og 1 til rettleiing føreslått lagt til Ålesund og 6 stillingar til innkrevjing og 3 til rettleiing i Kristiansund. Grunngevinga for å legge stillingar til Kristiansund er at det skal gi betre tilgjenge for brukarane i regionen. Med dette blir det foreslått å redusere bemanninga til skatteoppkrevjingsfunksjonen totalt sett i vårt fylke med 39 %, medan den gjennomsnittlege reduksjonen for landet er 34 %.

Styrking av arbeidsgivarkontrollen.

Ein føreslår å samle arbeidsgivarkontrollen i eigne større einingar, organsert og lokalisert saman med kontrollmiljøa i skatteetaten. Dette for å gi gode fagmiljø i område med størst lokalisering av arbeidsgivarar. Dette skal styrke etaten som kontrollinstans og gi næringslivet berre ein kontrollaktør og halde seg til. Bemanninga blir styrka på feltet frå 371 til 400 årsverk.

Forslag til endringar i organisering av skatterekneskap

Det er foreslått å samle oppgåvene med **skatterekneskap** med 45 stillingar i Lillestrøm og 15 i Vadsø. Dette inneber ein reduksjon i tal stillingar til dette arbeidet frå 251 til 60, og ei effektivisering av rekneskapsføringa i store miljø med kompetanse og føresetnader for å levere like tenester til alle kommunar. Dette er ein **staduavhengig** funksjon, og valet av Lillestrøm som største lokalisering med 45 stillingar, er grunngjeve med god tilgang på skatterekneskapskompetanse til å bemanne funksjonen. Dette ut frå at det er mange kommunar i nærleiken med skatterekneskapskompetanse i dei kommunale funksjonane ein har i dag, som kan flytte med oppgåvene. Lokalisering av underavdeling i Vadsø med 15 stillingar er grunngjeve med omsynet til regional fordeling av oppgåvene. Her ser ein føre seg ei gradvis oppbygging av kontoret med naudsynt kompetanse.

Endring i administrasjon, rettleiing, informasjon, styring og kontroll

Skattedirektoratet foreslår at Skatteopplysinga og Skatteetatens publikumsmottak får ansvaret for rettleiing på heile skatte- og avgiftsområdet, med stillingar fordelt på regionar slik tabell 1 viser. Dette gir publikum eitt kontaktpunkt for spørsmål. Skatteetatens dokumentsentra skal handtere all post. Skatteetaten vil spare dei 71 årsverka som i dag går til kontroll av dei kommunale skatteoppkrevjarane.

Den statlege lokaliseringspolitikken

Utgreiinga som er på høyring er gjennomført med utgangspunkt i retningslinene for lokalisering av statlege arbeidsplassar av 16.11.2011. Det har gitt følgjande vurderingskriterium for drøftinga: Heilskapleg skatte- og avgiftsforvaltning, redusert ressursbruk ved effektiv oppgåveløysing, vidareføring av kompetanse i gode fagmiljø og god regional fordeling av arbeidsplassar.

Nye retningsliner for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon vart fastsett i kongeleg resolusjon 28.11.2014.

Føremålet med den statlege lokaliseringspolitikken er å få ei fordeling av statlege arbeidsplassar som bidrar til å utvikle robuste arbeidsmarknader i alle delar av landet, og lokalisering av statleg tenesteproduksjon som i størst mogeleg grad sikrar befolkninga i alle delar av landet god tilgang til statlege tenester. Nye og omlokaliserte statlege verksemdar skal i hovudsak bli lokalisert utanfor Oslo, og kostnadseffektivitet og effektiv oppgåveløysing vert inkludert i vurdering av lokaliseringalternativ.

Dei nye retningslinene set tre vilkår for lokalisering:

1. Krav til nærleik for tenestene – skilje mellom stadavhengige og stadvhengige tenester jf nærleik til brukarane.
2. Kompetansekrav til dei som skal utføre arbeidsoppgåvene.
3. Krav til infrastruktur, nærleik til andre typar fagmiljø, offentlege styresmakter m.m.

Vurdering

Det er positivt at arbeidsgruppa prøver å balansere omsynet til effektivisering og ønsket om å utvikle fagleg robuste miljø med omsynet til ei geografisk fordeling som sikrar tilgang på tenestene i heile landet. Det er og positivt at ein søker å bidra til ei god regional fordeling av statlege arbeidsplassar.

Det er likevel slik at det må tydelegare grep til for å rette opp tidlegare skeiv regional fordeling av statlege arbeidsplassar.

Regional fordeling av statlege arbeidsplassar - få statlege arbeidsplassar i Møre og Romsdal og særleg i Kristiansund

Mange etatar og institusjonar er no inne i ei omorganisering som i mange tilfelle vil ende opp i ei ny regionalisering, og truleg også ei sentralisering av oppgåvene nasjonalt. Målet er å effektivisere tenesteproduksjonen og sikre kvalitet for brukarane. Dette gjeld både politiet, helseføretaka og høgare utdanning. Styrking av robuste miljø er slagorda som går igjen i desse prosessane.

Vårt fylke med i utgangspunktet få statlege arbeidsplassar og ingen storby, er utsett i desse prosessane. Nokre lokalsamfunn får behalde og styrka sine fagmiljø og arbeidsplassar, andre mister noko i desse prosessane. Kristiansund er døme på ein kommune som over tid har kome dårleg ut i fordeling av statlege arbeidsplassar. Dette er aktualisert ved avgjerda om lokalisering av nytt felles sjukehus for Nordmøre og Romsdal. Kristiansund har ingen høgskole lokalisert i kommunen og det er usikkerhet rundt kva som kan kome ut av ei ny regionalisering av politietaten. Om situasjonen med lågare aktivitet i olje- og gassproduksjonen held fram, vil dette påverke den olje- og gassbaserte aktiviteten som er lokomotiv for næringsutviklinga på Nordmøre. Det er difor viktig å ha eit tydeleg fokus på næringsutvikling og samtidig arbeide for nye arbeidsplassar og kompetansemiljø i regionen.

Tal frå SSB viser at Møre og Romsdal ligg på landsnittet i del offentlege arbeidsplassar ved at 30 % av alle arbeidsplassar i fylket i 2013 var i offentleg sektor. Når det gjeld årsverk i statsforvaltinga i fylka pr 1000 innbyggjarar ligg Møre og Romsdal lågast saman med fylka Aust Agder, Buskerud, Østfold og Rogaland.

Tabellen under viser del statlige arbeidsplassar i kommunane. Her kjem Kristiansund på 68. plass med 39 årsverk pr. 1000 innbyggjarar, Ålesund på 38 plass har 68 årsverk pr 1000 innbyggjarar og Molde på 21 plass har 89.

Kommune	Folkemengd 2012	Statlege årsverk 2012	Statlige årsverk per 1 000 innbygg.
21 - 1502 Molde	25695	2290	89,1
38 - 1504 Ålesund	44752	3044	68
68 - 1505 Kristiansund	23984	943	39,3

Årsverk i statsforvaltninga, etter region, tid og statistikkvariabel

	2009	2010	2011	2012	2013	Vekst
1502 Molde	2161	2214	2245	2290	2306	6,7 %
1504 Ålesund	2915	2957	3034	3044	3236	11,0 %
1505 Kristiansund	901	898	892	943	926	2,8 %

Utviklinga viser at veksten i statlege arbeidsplassar har vore sterkast i Ålesund og svakast i Kristiansund dei sist fem åra.

Krav om endringar i høve til forslaga i utgreiinga

Fylkesrådmannen meiner, på bakgrunn av den skjeive fordelinga av statlege arbeidsplassar, at Skattedirektoratet i større grad må legge inn det regionale fordelingsperspektivet i gjennomføringa av den planlagde omorganiseringa av skatteinnkrevjingsfunksjonane. Vi ser ikkje at ein i forslaget oppfyller intensjonen om at funksjonar i hovudsak skal bli lagt utanfor Oslo. Avgrensinga kan ikkje berre gjelde Oslo kommune, men også nabokommunane i pressområdet rundt hovudstaden. Våre merknader dreier seg først og fremst om organisering og lokalisering av skatterekneskap-funksjonen, som er ein staduavhengig funksjon.

Hovudkontoret for skatterekneskap blir føreslått lokalisert i Lillestrøm med 45 årsverk. Ei underavdeling med 15 årsverk blir føreslått lagt til Vadsø. Grunngevinga for lokalisering til Lillestrøm er at det vil sikre tilgang på kompetanse ved at rekneskapsførarar kan «flyttast med oppgåvene» frå fleire kommunar i nærleiken. Ei underavdeling med to team lagt til Vadsø skal gi ei god regional fordeling.

Det blir vist til at det er denne funksjonen som er mest sårbar ved ei overføring av oppgåver (s. 25), og det blir hevda i utgreiinga at det viktigaste kompetansekravet ved oppstart vil vere tidlegare erfaring og kjennskap til fagområdet. Dette vil ein sikre ved overføring av skatteoppkrevjarkompetanse frå dei kommunale

skatteoppkrevjarane. Vi kan ikkje sjå at dette ikkje kan la seg gjennomføre andre stader enn Lillestrøm. I Vadsø vil teamet på 15 årsverk vere underlagt rekneskapseininga på Lillestrøm. Ein reknar, ifølge utgreiinga, med at det ikkje er tilgjengeleg naudsynt kompetanse for full bemanning av ein lokasjon i Vadsø frå 1.1.2016. På side 26 opplysast det at det er etablert ei landsdekkande rekneskapseining for meirverdi og arveavgift i Grimstad, noko som har vore vellukka, «med høg kvalitet i oppgåveløysinga». Dette tyder på at det er mogeleg å få til oppbygging av fagmiljø også andre stader i landet enn i hovudstadsområdet.

Vi har fleire døme på at tilgang på kompetanse og rekruttering ikkje har vore ein stor flaskehals ved lokalisering til vårt fylke. I Møre og Romsdal er lokalisering av både Kystdirektoratet og økonomifunksjonen i Utdanningsdirektoratet blitt gjennomført utan store problem med rekruttering av bemanning med rett kompetanse. Det er mange kommunar i nærleiken av Kristiansund, som muliggjer overføring av bemanning med rett kompetanse til ein felles skatterekneskapsfunksjon i denne kommunen. Berre ein time køyreavstand til Molde, inneber god tilgang på kompetanse til ein rekneskapsfunksjon, sidan Høgskolen i Molde har studietilbod både i økonomisk-administrative fag og i revisorfaget. Høgskolen i Molde tilbyr studier ved Høgskolesenteret i Kristiansund og det kan etter behov leggast til rette relevante tilbod på desse fagområda i Kristiansund.

Ei lokalisering av rekneskapsfunksjonen til Kristiansund vil bidra til å forsterke det miljøet som i utgreiinga er føreslått etablert i Kristiansund med seks årsverk til innkrevjing og tre til rettleiing. Eit større og meir robust skatteoppkrevjingsmiljø vil gjere det enklare å rekruttere kompetent personell og utvikle eit robust fagmiljø i Kristiansund.

Fylkesrådmannen rår til at Skattedirektoratet legg større vekt på regional fordeling av statlege arbeidsplassar enn utgreiinga legg opp til. Det er så langt vi ser, ingen sterke faglege argument som tilseier at det er betre å bygge opp eit sterkt skatterekneskapsmiljø i Lillestrøm enn i Kristiansund. Fylkesrådmannen sluttar seg elles til hovudinnhaldet i utgreiinga om overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen til Skatteetaten og dei kriteria som ligg til grunn for forslaget om lokalisering av dei ulike funksjonane skatteinnkrevjing, rekneskap, kontroll, rettleiing og informasjon.

Forslag til vedtak:

- 1 Fylkesutvalet i Møre og Romsdal er i hovudsak samd i forslaga som ligg i utgreiinga *Overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen til Skatteetaten*.
- 2 Fylkesutvalet krev på grunnlag av argumentasjonen i saksframlegget, at Skattedirektoratet vurderer den regionale fordelinga på nytt når det gjeld lokalisering av skatterekneskapsfunksjonen, og legg hovudavdelinga for denne til Kristiansund.

- 3 Det blir sett ned ei arbeidsgruppe med representanter frå Kristiansund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune til å følgje opp arbeidet.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Bergljot Landstad
regional- og næringssjef

Vedlegg

- 1 Vedlegg: Overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen til Skatteetaten